



Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/5532-4

## **Naustdal - Kommunal planstrategi**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet støttar dei vurderingane av utfordringar som er gjort i den kommunale planstrategien for Naustdal kommune
2. Regional planstrategi bør i sterkare grad leggjast til grunn for det kommunale planarbeidet og den kommunale planstrategien bør innehalde drøftingar som viser kva dette inneber for Naustdal kommune

Vedlegg: Naustdal kommune. Planstrategi 2016 - 2020

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Naustdal kommune har lagt utkast til kommunal planstrategi ut på høyring. Plan- og bygningslova set krav til kommunane om å utarbeide communal planstrategi (KPS). Strategien skal vere kommunen si rettesnor for kommuneplanarbeidet i komande 4-årsperiode. Naustdal kommune vedtok førre planstrategi 15.11.2012. Naustdal kommune har ein samfunnsdel som vart vedteken 12.02.15. Arealdelen er frå før 2007.

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde vedtak av regional planstrategi (RPS) 14. juni i år. Det er i arbeidet gjennomført prosessar med kommunane for å forankre arbeidet og sikre kopling mellom RPS og dei enkelt kommunale planstrategiane.

Plan- og bygningslova § 10-1 set krav om offentleg høyring av kommunale planstrategiar, og delegeringsreglementet kapittel 3.37 gir fylkesutvalet mynde til å gje uttale på vegne av fylkeskommunen.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Vi vil gje ros for eit dokument som effektivt er nytta til å seie noko om behovet for arbeidet, kva rammer som er lagt til grunn og å skildre ulike samfunnsområde og viktige oppgåver.

Skildringane er basert på rammer for communal verksemd, faktiske tal og statistikk. Det er ei kortfatta og tydeleg skildring av ulike tema. Sentrale planoppgåver er oppsummert i eit eige kapittel i forlenginga av desse skildringane og munnar ut i ei prioritering av planarbeid.

Planstrategien er ikkje ein plan, og den skal ikkje løyse utfordringane. Det er det dei enkelte planane som skal gjere. Vi meiner likevel at ein planstrategi, på eit overordna nivå og ein kortfatta måte, skal drøfte ulike måtar å møte utfordringane på, og som set ei retning på det framtidige planarbeidet. I kapittel 6 vert behov for oppdatering av samfunnsdel og arealdel til

kommuneplanen drøfta, og sentrale og aktuelle tema som flyktningsituasjonen og busetting, næringsareal og næringsutvikling og kommunereform er gått gjennom og vurdert særskilt.

Regional planstrategi er ikkje nemnt i utkastet. Etter plan- og bygningslova skal regional planstrategi leggast til grunn for det vidare planarbeidet i regionen. Vi meiner det bør vere ein sentral del av ein kommunal planstrategi, å seie nok om korleis kommunen i sitt planarbeid vil halde seg til dei utfordringar og mål som fylkeskommunen skisserer. Fylkeskommunen har ei forventning om at kommunen legg dei regionale hovudutfordringane som er sett opp i RPS til grunn i det vidare planarbeidet.

Planstrategien er tydeleg både på føremål og avgrensing av handlingsrom. Naustdal kommune er i ROBEK og må tilpasse aktiviteten deretter. Planstrategien har også tatt for seg kommunereforma sin verknad på ein tydeleg måte, både med planberedskap, mogleg tilpassing til planane til andre kommunar i Indre Sunnfjord, og kva arealvedtak og tiltak som må inn i den nye storkommunen.

Naustdal ynskjer å nytte planberedskap som eit verkty for mest mogeleg saumlaus tilpassing til dei andre kommunane. Naustdal peikar på at dei ynskjer å imøtekome både rolla som samfunnsutviklar og kommunen som tenesteleverandør. Utfordringsbiletet for kommunen er tydeleg skildra.

Fylkeskommunen legg merke til at Naustdal kommune ikkje prioriterer eit stort arbeid med arealdelen til kommunen i denne perioden. Kommunen har eit oppdatert planverk på mange område og kommunedelplanar både for sentrum, for Vevring og for Vona-området. I tillegg har kommunen samfunnsdel frå 2015.

#### **4. Konklusjon**

Strategien er god på å skildre rammer, nosituasjonen og utfordringar for Naustdal kommune. Den inneheld og ei god drøfting av sentrale og aktuelle tema.

Strategien bør i større grad kople seg opp mot regional planstrategi og dei løysingane og den utviklingsretninga som vert skissert i den. Drøftingane i kapittel 6 bør ta opp i seg korleis regional planstrategi skal leggast til grunn for det vidare planarbeidet.

Fylkesrådmannen rår til at denne saksutgreiinga følgjer som vedlegg til saka ved oversending av uttalen til kommunen.